



## STORTINGET

# Innst. 190 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:74 S (2021–2022)

**Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Marian Hussein, Torgeir Knag Fylkesnes og Ingrid Fiskaa om tilgang på vaksinar, medisinar, medisinsk utstyr og medisinsk teknologi i kampen mot covid-pandemien**

sjon av det globale rammeverket for immaterielle rettar for framtidige pandemiar.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

1. Stortinget ber regjeringa støtta India og Sør-Afrikas forslag i WTO om eit unntak frå visse reglar i TRIPS-avtalen, som vil gi eit mellombels unntak frå visse immaterielle rettar under covid-pandemien for å auka produksjon og tilgang på vaksinar, testutstyr, medisinar og medisinsk utstyr – utan vilkår eller krav om motytingar.
2. Stortinget ber regjeringa støtta aktive, konstruktive og tekstbaserte forhandlingar om eit mellombels unntak frå TRIPS-avtalen, for å forbetra global tilgang til rimelege covid-relaterte medisinske produkt og for å handtera globale produksjonsavgrensingar og mangel på forsyningar.
3. Stortinget ber regjeringa styrka arbeidet for ei løysing på den enorme ulikskapen i verda i tilgang på vaksinar, medisinar og medisinsk utstyr for å kjempe imot covid-pandemien, med særleg merksemd på auka vaksineproduksjon og den geografiske fordelinga av produksjonskapasitet, og støtta ein revi-

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schou, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Senterpartiet, Marit Arnstad og Bengt Fasteraune, fra Fremskrittspartiet, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde, fra Sosialistisk Venstreparti, Paal Kloster, fra Rødt, Bjørnar Moxnes, fra Venstre, Guri Melby, og fra Kristelig Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, viser til det foreliggende representantforslaget som fremmer flere delforslag for å øke den globale distribusjonen av vaksiner, medisiner, medisinsk utstyr og medisinsk teknologi i den pågående bekjempelsen av covid-19-pandemien. Komiteen deler forslagsstillernes oppfattelse av at pandemien må bekjempes i hele verden for å bli endelig avsluttet.

Komiteen merker seg at forslagsstillerne etterlyser en generell støtte fra Norges side i forhandlingene i WTO om midlertidige unntaksbestemmelser fra regler i TRIPS-avtalen som gir immaterielle rettigheter til vaksiner, testutstyr, medisiner og medisinsk utstyr. Herunder ber forslagsstillerne om at Norge skal støtte India og Sør-Afrikas forslag i WTO.

Komiteen mener forslagsstillerne gjør rett i å påpeke den globale skjevfordelingen av vaksiner og medisiner mot covid-19. Vi har sett nye mutasjoner og utbrudd av viruset som følge av at det ikke er slått ned i tilstrekkelig grad overalt. Komiteen vil påpeke at Norge har tatt en lederrolle i initiativer for å sørge for en jevnere fordeling av vaksiner helt siden pandemien først brøt ut, både gjennom vaksinesamarbeidet COVAX og det internasjonale samarbeidet i covid-19-responsen Access to Covid-19 Tools Accelerator (ACT-A), hvor Norge sammen med Sør-Afrika er ledere.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Venstre påpeker at Norge i lang tid har tatt en internasjonal lederrolle for økt global distribusjon av vaksiner, medisiner, legemidler og medisinsk utstyr i kampen mot covid-19. Disse medlemmer merker seg at statsråden i sin vurdering av representantforslaget i det store og hele deler regjeringen Solbergs synspunkter på hva som er de mest effektive tiltakene og hva som skal være Norges bidrag i denne innsatsen.

Disse medlemmer viser til at forslaget i WTO fremmet av India og Sør-Afrika om unntak for visse bestemmelser om handelsrelaterte sider ved immaterielle rettigheter i TRIPS-avtalen, ble vurdert av regjeringen Solberg og funnet for vidtgående. Disse medlemmer understreker at man med slike unntaksbestemmelser risikerer å forårsake redusert forskning på og utvikling av legemidler og medisinsk utstyr dersom insentivene for produsentene svekkes. Disse medlemmer anser det som uheldig å gjennomføre eksperimentell handelspolitikk i bekjempelsen av en global pandemi. Eventuelle unntak bør oppnås gjennom bred enighet i WTO, og være målrettede slik at systemet ikke undergraves. Disse medlemmer viser til The Economist, som på lederplass 19. februar 2022 omtaler utfordringen med global vaksineproduksjon, og trekker frem at det i første omgang er produksjonskapasiteten i fattige land som forhindrer omfattende distribusjon der, ikke rammene for den internasjonale handelen.

Disse medlemmer viser til at forslaget om unntaksbestemmelser i lang tid har vært diskutert på en rekke møter i TRIPS-rådet siden det ble fremmet i oktober 2020. Disse medlemmer merker seg at regjeringen i dag inntar samme holdning til spørsmålet som Norge har hatt ved tidligere forhandlingsmøter. Disse medlemmer mener at det viktigste bidraget fra Norge i kampen mot covid-19 globalt er tiltak som medfører økt distribusjon av vaksiner og medisinsk utstyr. I denne sammenheng understreker disse medlemmer at Norge under regjeringen Solberg mobiliserte sterk politisk og økonomisk støtte, spesielt gjennom å lede Access to Covid-19 Tools Accelerator (ACT-A) og vaksinepilaren Covax. Disse medlemmer anser det som viktig

at nåværende regjering viderefører Norges innsats langs disse etablerte linjene.

Komiteen understreker at effektive vaksiner mot covid-19-viruset ble utviklet i et imponerende raskt tempo, og at dette trolig ikke ville vært mulig uten legemiddelselskapenes utsikter til å gjøre gevinst av sin forskning og utvikling. Komiteen mener det ikke er mangler ved utviklingen, men ved den påfølgende distribusjonen, som er årsak til den globale skjevfordelingen.

Komiteen viser til statsrådets brev til utenriks- og forsvarskomiteen, datert 9. februar 2022 (vedlagt), hvor det gjøres rede for Norges pågående innsats for å øke den globale distribusjonen av vaksiner, medisiner og legemidler mot covid-19. Komiteen merker seg spesielt at det her gjøres rede for at det foreliggende forslaget om unntak fra immaterielle rettigheter til vaksinene i WTO er for omfattende til å finne tilstrekkelig støtte, men at regjeringen ønsker å delta i fremforhandling av et kompromissvedtak.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at regjeringen i Hurdalsplattformen slår fast at de vil være med på å bekjempe smittsomme sykdommer. Dette skal regjeringen gjøre ved å bidra til finansiering, utvikling og likeverdig fordeling av vaksiner og annen helseteknologi som markedet ikke leverer alene. Disse medlemmer påpeker at den internasjonale covid-19-responsen er en høy prioritet, og viser i den sammenheng til at Norge, sammen med Sør-Afrika, spiller en aktiv rolle som med-leder for fasiliteringsrådet i ACT-A. Norge har også innfridd løftet om å dele fem millioner vaksinedoser med det internasjonale vaksinesamarbeidet Covax, og jobber samtidig for at flere rike land skal dele vaksiner med utviklingsland. Med dette støtter Norge internasjonale initiativ for å sikre global tilgang til og effektiv distribusjon av covid-19-vaksiner. Disse medlemmer vil også påpeke viktigheten av å finne gode løsninger multilateralt i møte med covid-19-pandemien, og viser til regjeringens beslutning om å åpne opp for at Norge kan støtte et begrenset unntak fra WTOs avtale om immaterielle rettigheter, som bør begrenses til patent på vaksiner og medisiner mot covid-19. Disse medlemmer mener at forslaget fra India og Sør-Afrika er svært vidtgående og ikke vil kunne bli vedtatt slik det foreligger. Norge må derfor forsøke å finne enighet i WTO ved å komme frem til et kompromiss som har mulighet til å oppnå konsensus og dermed bidra til å sikre global vaksinerettferdighet. Disse medlemmer mener unntak for patenter på vaksiner er et godt utgangspunkt for å finne enighet, da diskusjonene i WTO om et mulig unntak («waiver») fra TRIPS-avtalen per i dag er fastlåst. Disse medlemmer vil støtte re-

gjerungen i å jobbe for et kompromiss, slik regjeringen har sagt at de vil.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt viser til at Noreg har bidratt til deling av vaksinar gjennom ACT-A og Covax. Desse internasjonale samarbeida har likevel vist seg å vera heilt utilstrekkelege. ACT-A var tiltenkt som ein global oppkjøpar og distributør av vaksinar som skulle sikra lik tilgang for alle verdas land, men initiativet fekk lita oppslutning blant rike land, som i staden inngjekk eigne bilaterale avtalar om vaksinar direkte med legemiddelskapa. Covax har i lengre tid slite med å få legemiddelskapa til å prioritera leveransar til seg, og leveransane har blitt for få og for sporadiske.

Desse medlemene vil minna om at under pandemien har meir enn 70 pst. av dosane av mRNA-vaksine frå Moderna, Pfizer og BioNTech blitt sende til rike land. Millionar av dosar som var lova til låg- og mellominntektsland, har blitt forseinka.

Desse medlemene støttar derfor initiativ til å produsera vaksinen i utviklingsland gjennom teknologioverføring. Slike løysingar gjer dessutan utviklingslanda meir sjølvstendige, og lar dei bidra til den globale motstandsdyktigheita mot covid-19.

Desse medlemene viser til at det nå er ei positiv utvikling ved mRNA-teknologioverføringssenteret i Sør-Afrika, som har klart å kopiera teknologien til Modernas mRNA-vaksine, utan hjelp frå Moderna. mRNA-senteret skal overføra teknologi til Bangladesh, Indonesia, Pakistan, Serbia og Vietnam, då desse har kapasitet til å ta til seg teknologien og starta produksjon relativt raskt. Samtidig har nå Moderna søkt patent i Sør-Afrika, noko som kan hindra produksjon, distribusjon og bruk. Moderna har tidlegare lova at dei ikkje skal handheva patentet under pandemien. Spørsmålet er kva som skjer når WHO eventuelt nedskalerer omgrepet pandemi til endemi og det er spesielle regionar som er hardt ramma. Då vil eit TRIPS-unntak gjera denne prosessen mykje enklare slik at mRNA-senteret kan fortsetta og uvaksinerte kan få stabil tilførsel av vaksinar.

Desse medlemene peikar også på at tilgang på vaksinar ikkje er nok for å motarbeida pandemien. Samtidig som alvorleg ulikskap i tilgang på covid-19-vaksinar held fram, er tilgang til behandlingar og diagnostiske testar like utfordrande. Dei behandlingane WHO tilrår, er ikkje tilgjengelege for folk i låg- og mellominntektsland grunna høge prisar, avgrensa produksjon, og immaterielle rettar. Desse medlemene merkar seg at WHO har godkjent og tilrådd fleire biologiske medisinar i behandling av covid-19, men det er mangel på medisinar globalt. Høginntektslanda, inkludert Noreg, har allereie kjøpt opp det som var tilgjengeleg. Utviklarar av diagnostiske testar eig ofte fleire patent på instrumenta, kjemiske stoff og metodar, og

dei deler ikkje kunnskap og andre forretningshemmeligheter slik at andre kan oppskalera produksjonen. Dette illustrerer behovet for eit TRIPS-unntak som inkluderer meir enn vaksinar, og også medisin og diagnostikk.

Desse medlemene viser til at det ofte blir argumentert med dårleg distribusjonskapasitet i låg- og mellominntektsland for at det ikkje er formålstenleg med for rask tilgang. Desse medlemene viser til at i for eksempel Sør-Afrika kom det ingen vaksinar i heile første kvartal 2021. Derimot kom 50 pst. av lova vaksinar mellom juli og september. Desse medlemene vil understreka at det vil vera svært vanskeleg for noko land å leggja distribusjonsplanar og beredskap for så utføreselelege vaksineleveransar.

Desse medlemene viser til at vaksineprodusentane tidleg ga prognosar på at det vil bli ein overproduksjon. Til nå har alle prognosar feila. Desse medlemene viser til at det er mangel på ingrediensar til vaksine, fordi selskapa nektar å gi oppskrift og lisensar til aktuelle produsentar i det globale sør. Det er produksjonsunderskot. Desse medlemene viser også til at nye faglege undersøkingar har identifisert 120 produksjonsstader i det globale sør (Asia, Afrika og Latin-Amerika), som både har teknisk kapasitet, lov- og regimestabilitet og forvaltning av medisinproduksjon, slik at teknologioverføring med fordel kan iverksettast. Desse kan settast inn i mRNA-produksjon dersom teknologi blir delt.

Desse medlemene viser til påstanden om at immaterielle rettar er viktige som insentiv til forskning og utvikling av legemiddel og medisinsk utstyr, og at eit unntak frå desse rettane gjer at me risikerer redusert forskning og utvikling.

Desse medlemene vil peika på at dagens vaksinar og medisinar mot covid-19 er utvikla i ein dugnad av offentlege forskarar og finansiering, med offentlig testkoordinering og finansiering, og av enkeltmenneske som har stilt kroppane sine til rådvelde for testar. Det som i dag bidrar til å motverka pandemien er i sanning eit fellesgode. Desse medlemene vil også hevda at påstanden om at eit unntak frå immaterielle rettar for å bekjempe pandemien vil hindra innovasjon, ikkje har grunnlag verken i praktisk erfaring eller økonomisk teori. Erfaring tilseier tvert imot at idear og forskning innan medisin er knytte til genuine ønske om å skapa betre liv for folk med plager.

Desse medlemene vil også minna om dei erfaringane som er gjorde under pandemien. WHO har frå starten av ønskt at selskap skal dela teknologien sin slik at WHO's teknologibasseng (C-TAP) kan gi forskarar over heile verda moglegheita til å samarbeida om forskning og utvikling. Det WHO nå har klart med mRNA-senteret i Sør-Afrika ved å kopiera Moderna-vaksinen, viser også at det er eit praktisk behov for spreiding og de-

ling av teknologi i ein pandemi. Desse medlemene saknar dokumentasjon på at WHO sitt initiativ med mRNA-senteret er skadeleg for innovasjon.

Desse medlemene peikar på at dei aktuelle le- gemiddelselskapa ikkje har stått overfor nokon investeringsrisiko, med garanterte inntekter frå produksjon til heile verdas befolkning, og gjennom svært omfattande førehandsavtalar om innkjøp. Pfizer, BioNTech og Moderna tener til saman \$65 000 kvart minutt, og Pfizer rapporterer at overskotet har auka med 133 pst. frå førre år (3. kvartal 2021).

Desse medlemene merkar seg at forslaget frå India og Sør-Afrika blir omtalt som «svært vidtgående», både når det gjeld type immaterielle rettar og geografisk. Til det vil desse medlemene minna om at forslaget er avgrensa til å motarbeida pandemien, og at det er mellombels. Dette er i seg sjølv svært avgrensa. Det er dessutan opp til regjeringa å føreslå ei geografisk avgrensing – slik at OECD-land ikkje får slike unntak.

Desse medlemene fremmer på denne bakgrunnen desse forslaga:

«Stortinget ber regjeringa støtta India og Sør-Afrikas forslag i WTO om eit unntak frå visse reglar i TRIPS-avtalen, som vil gi eit mellombels unntak frå visse immaterielle rettar under covid-pandemien for å auka produksjon og tilgang på vaksinar, testutstyr, medisinar og medisinsk utstyr – utan vilkår eller krav om motyttingar.»

«Stortinget ber regjeringa støtta aktive, konstruktive og tekstbaserte forhandlingar om eit mellombels unntak frå TRIPS-avtalen, for å forbetra global tilgang til rimelege covid-relaterte medisinske produkt og for å handtera globale produksjonsavgrensingar og mangel på forsyningar.»

«Stortinget ber regjeringa styrka arbeidet for ei løysing på den enorme ulikskapen i verda i tilgang på vaksinar, medisinar og medisinsk utstyr for å kjempa imot covid-pandemien, med særleg merksemd på auka vaksineproduksjon og den geografiske fordelinga av produksjonskapasitet, og støtta ein revisjon av det globale rammeverket for immaterielle rettar for framtidige pandemiar.»

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt:

#### Forslag 1

Stortinget ber regjeringa støtta India og Sør-Afrikas forslag i WTO om eit unntak frå visse reglar i TRIPS-avtalen, som vil gi eit mellombels unntak frå visse immaterielle rettar under covid-pandemien for å auka produksjon og tilgang på vaksinar, testutstyr, medisinar og medisinsk utstyr – utan vilkår eller krav om motyttingar.

#### Forslag 2

Stortinget ber regjeringa støtta aktive, konstruktive og tekstbaserte forhandlingar om eit mellombels unntak frå TRIPS-avtalen, for å forbetra global tilgang til rimelege covid-relaterte medisinske produkt og for å handtera globale produksjonsavgrensingar og mangel på forsyningar.

#### Forslag 3

Stortinget ber regjeringa styrka arbeidet for ei løysing på den enorme ulikskapen i verda i tilgang på vaksinar, medisinar og medisinsk utstyr for å kjempa imot covid-pandemien, med særleg merksemd på auka vaksineproduksjon og den geografiske fordelinga av produksjonskapasitet, og støtta ein revisjon av det globale rammeverket for immaterielle rettar for framtidige pandemiar.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Framskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:74 S (2021–2022) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Marian Hussein, Torgeir Knag Fylkesnes og Ingrid Fiskaa om tilgang på vaksinar, medisinar, medisinsk utstyr og medisinsk teknologi i kampen mot covid-pandemien – vedtas ikke.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 8. mars 2022

**Ine Eriksen Søreide**

leder

**Ingjerd Schou**

ordfører



DET KONGELIGE  
UTENRIKSDEPARTEMENT

*Utenriksministeren*

Utanriks- og forsvarskomiteén  
v/leiar Ine Eriksen Søreide

Oslo, 9. februar 2022

**Uttale frå Utanriksdepartementet om Dokument 8:74 S (2021-2022) –  
representantforslag frå representanten Marian Hussein med fleire**

Eg viser til brev frå Utanriks- og forsvarskomiteen av 1. februar 2022 om Dokument 8:74 S (2021-2022) frå representantane Marian Hussein, Torgeir Knag Fylkesnes og Ingrid Fiskaa.

Eg deler representantane sitt syn på kor viktig det er at vaksinar, lækjemiddel og medisinsk utstyr blir gjort tilgjengeleg for alle, også i låg- og mellominntektsland. Covid-19-pandemien er den verste globale helsekrise i vår levetid. Pandemien har synt kor sårbare land er i møte med globale helsekriser, og eg er einig med representantane i at nedkjempinga av pandemien krev internasjonal solidaritet. Tilgangen til vaksinar er mykje skeivt fordelt. Medan 61% av verdas befolkning har fått minst éin vaksinedose, gjeld dette berre 10% av befolkninga i låginntektsland. Samstundes blir det no levert stadig fleire vaksinar, inkludert gjennom vaksinesamarbeidet COVAX. COVAX er særleg viktig i fattige land, og har levert over 80% av vaksinedosane i låginntektsland. Det er positivt at utrullinga av vaksinar gjennom COVAX går stadig snøggare.

Den internasjonale covid-19-responsen er ein prioritet for regjeringa. Noreg er saman med Sør-Afrika medleiar for fasiliteringsrådet i det viktigaste internasjonale samarbeidet i covid-19-responsen, Access to Covid-19 Tools Accelerator (ACT-A). ACT-A har som mål å sikre meir likeverdig tilgang til covid-19 vaksinar, testar og diagnostikk. Noreg har samla sett gitt omlag 6,5 mrd. kroner til ACT-A, og stør dermed internasjonale initiativ for å sikre global tilgang til og effektiv distribusjon av covid-19-vaksinar og andre naudsynte varer også til utviklingsland. Som ein del av regjeringas nye bidrag til ACT-A i 2021, gav Noreg med 40 millionar kroner til skiping av ein *mRNA Technology Transfer Hub* i Sør-Afrika for å auke tilgangen til mRNA-vaksinar og etablere produksjonskapasitet i Afrika. Vi må sjå det internasjonale samarbeidet om pandemiberedskap og -respons i samanheng, og finne gode løysingar multilateralt både for covid-19-pandemien og i møte med nye infeksjonstrugsmål. Dette må vi gjere – både i Verdshelegeorganisasjonen (WHO), Verds handelsorganisasjonen (WTO), og i andre forum.

Representantane viser til forslaget frå India og Sør-Afrika av 2. oktober 2020 om unnatak (*waiver*) for visse reglar i WTO sin avtale om handelsrelaterte sider ved immaterielle rettar (TRIPs-avtalen) for å førebyggje, avgrense og behandle covid-19. Over 60 WTO-medlemer er medforslagsstillarar til forslaget. Representantane ønskjer at Noreg skal stø forslaget fullt ut gjennom tekstbaserte forhandlingar i WTO. Representantane ønskjer òg at regjeringa skal styrkje arbeidet for å minske ulikskapen i verda i tilgang på vaksinar, lækjemiddel og medisinsk utstyr for å nedkjempe covid-pandemien, samt stø ein revisjon av det globale rammeverket for immaterielle rettar for framtidige pandemiar.

Det er denne regjeringa si oppfatning at forslaget frå India og Sør-Afrika er svært vidtgåande. Det ville i praksis opne for at WTO-medlemene kan fjerne vernet av sentrale immaterielle rettar (patent, opphavsrett, designrett og vern av fortruleg informasjon) for et breitt utval produkt, både lækjemiddel og medisinsk utstyr. Det er vidtgåande også geografisk, og gjeld alle WTO-medlemene, ikkje berre låginntektslanda.

Immaterielle rettar er viktige som insentiv til forskning og utvikling av lækjemiddel og medisinsk utstyr. Regjeringa fryktar at eit slikt forslag kan verke mot føremålet fordi vi risikerer redusert forskning på og utvikling av lækjemiddel og medisinsk utstyr. Ein slik reduksjon kan hende dersom insentiva blir svekte og systema for vern av immaterielle rettar og sikring av investeringar blir mindre føreseielege.

Representantane viser til at betydelege delar av investeringane i forskning på vaksinar og medisinar mot covid-19 er finansiert frå offentlege budsjett. Det er likevel slik at de nye vaksinane og lækjemidla er utvikla av lækjemiddelindustrien etter investeringsavgjerder fatta av selskapa. Omfemnande endringar i rammevilkåra, som til dømes eit breitt unnatak frå TRIPs-avtalen, vil kunne påverke industrien sine vurderingar negativt når det gjeld tilsvarande avgjerder i framtida.

Regjeringa stø ein politikk på dette området som balanserer omsynet til insentiv og føreseielege rammevilkår for forskning og utvikling med omsynet til fleksibilitet for låginntektsland – særleg dei minst utvikla landa. I den samanhengen minner eg om at dei minst utvikla landa har unnatak frå forpliktingane i TRIPs-avtalen til 2034, og derfor heller ikkje har behov for en *waiver*.

Eg deler likevel representantane si oppfatning av at produksjonen av, og den globale tilgangen til, vaksinar ikkje auka så raskt i 2021 som ein kunne forventa. Sikre og effektive vaksinar er det viktigaste tiltaket for å nedkjempe pandemien. Sjølv om samarbeid mellom rettshavarar og produsentar gjennom frivillige lisensieringsavtalar er den beste måten å auke produksjonskapasiteten på, er det grunn til å vurdere eit sterkare tiltak i denne fasen av pandemien.

Det er grunnen til at regjeringa i november avgjorde at Noreg kan stø eit unnatak (*waiver*) frå TRIPs-avtalen for patent på covid-19-vaksinar som del av eit kompromiss i WTO.

Medlemene i WTO har i heile 2021 diskutert korleis organisasjonen kan gi ein heilskapleg respons på pandemien som tar i betraktning alle relevante delar av regel-

verket. Dette skulle vere ei av hovudsakene på den 12. ministerkonferansen i november-desember 2021. Som kjent måtte konferansen utsetjast, og ny dato er ikkje fastsett. Det blir arbeidd for å komme til semje om WTO sin respons på pandemien snarast råd. Noregs haldning er at immaterielle rettar må vere del av dette, inkludert ei løysing på spørsmålet om TRIPs-*waiver*.

Så må eg understreke at eit unnatak frå TRIPs-avtalen ikkje er noka enkel løysing. Det må utformast presist for å kunne oppnå semje i WTO, og ein føreseieleg prosess for dei medlemene som skal gjennomføre *waiveren* i si nasjonale lovgiving. Forslaget frå India og Sør-Afrika blir av mange medlemmer oppfatta som for vidtgåande, og vil ikkje kunne bli vedtatt slik det ligg i ein organisasjon som historisk har gjort alle viktige vedtak samrøystes.

Regjeringa meiner eit mindre omfemnande forslag vil ha betre utsikter til å utgjere grunnlag for semje i WTO. Vårt utgangspunkt er patent på vaksinar mot covid-19. Når det gjeld andre immaterielle rettar, som forretningsløyndomar og annan fortruleg informasjon, så er problemstillingane komplekse. Det vil til dømes liggje utanfor TRIPs-avtalen sine rammer å innføre reglar som pålegg medlemene å innføre ei plikt for føretak til å utlevere forretningsløyndomar til andre føretak. Noreg vil vere pragmatisk i forhandlingane og stø løysingar som er mogleg å gjennomføre.

Når det gjeld nye lækjemiddel som kan takast i tablettform, så har produsentane (Pfizer og Merck) inngått avtale med *Medicines Patent Pool* (MPP) om å la generiske selskap produsere desse på lisens til dei fattigaste landa (ca. 100 land). Lisensproduksjonen vil gi generisk konkurranse frå første dag og sikre lågare prisar. Frivilleg lisensiering er som nemnt over, beste måte å samarbeide på. Dersom dette fungerer godt for desse medisinane, vil ein *waiver* for slike lækjemiddel sannsynlegvis vere mindre relevant. Vi følgjer tett med på effekten av desse lisensane og tilgang til medisinane når dei kjem på marknaden og i storskalaproduksjon.

TRIPs-avtalen inneheld allereie reglar om mellom anna tvangslisensiering, som skal sikre betre tilgang til vaksinar og lækjemiddel under helsekriser. EU har føreslått endringar i TRIPs-regelverket for å gjere desse reglane enklare å nytte i ein pandemi. Dette er eit forslag Noreg ser positivt på, og som vil kunne gi ein meir effektiv tilgang til lækjemiddel og vaksinar enn kva dagens regelverk legg opp til.

Diskusjonane i TRIPs-rådet gav ikkje tilstrekkeleg framgang hausten 2021. Det vart klart at ei løysing på *waiver*-spørsmålet vil måtte liggje i skjæringsfeltet mellom posisjonane til dei fire mest sentrale medlemene i denne saka: India og Sør-Afrika som har det opphavelige forslaget, EU som har sitt eige forslag, og USA som har uttrykt støtte til ein vaksine-*waiver* utan å leggje fram noko eige forslag. WTOs generaldirektør har derfor sett i gang ein forhandlingsprosess mellom desse, som vi håpar kan føre til eit kompromiss som kan få oppslutnad frå dei andre WTO-medlemene.

Noreg kan stø ein *waiver* frå TRIPs-avtalen for patent på covid-19-vaksinar som del av ei heilskapleg løysing i WTO. Dette er formidla på politisk nivå, og Noreg sitt nye standpunkt er godt kjent mellom WTO-medlemene. Vi vil halde fram arbeidet for at medlemene i WTO kan samle seg om ein heilskapleg respons på pandemien, og leggje

grunnlag for best moglege vilkår for produksjon, distribusjon og fordeling av vaksinar, lækjemiddel og medisinsk utstyr for å nedkjempe covid-19.

Venleg helsing



Anniken Huitfeldt